KRIGSMINNER

Sverre Myklebust.

Nokre minner frå mine veker i krigen i Valdres; veker du kunne synast var lange som år.

Kva det var som gjorde det den aprilmorgonen i 1940 at Solveig slo på radioen kl 0700, det veit eg ikkje. Men vi fekk i alle fall høyra at det var senka ein båt eller to utanfor Sørlandskysten. Dei sa ikkje akkurat at vi var i krig då, men vi tok til å ana noko gale. Det vi aldri kunne forestilla oss var korleis dette skulle bli.
Før denne tida hadde eg vore svært politisk interessert i unge venstre. Eg var ein lynande fredsven og var av den meining at eg heller kunne bli skoten enn at eg skulle skjyta nokon andre. Denne dagen vart eg omsnudd.
Då det leid utpå dagen kom båten "Lønningdal" til kaien på Sanden. Den tok inn folk som skulle ut i krigstjeneste. Dei hadde ein del folk ombord allerede då båten la til kaien. Eg, saman med ein del andre, gjekk ombord der. Ein heil del pårørande stod på kaien; nokre gret, andre bad til Gud om at han måtte ta vare på oss. Etter ei stund la vi frå kai og drog mot Rosendal. Der vart det ein liten stogg; lensmannen der skulle skriva oss opp.
Etter at dette var ferdig so bar det inn fjorden til Granvin. Herifrå vart vi transporterte i bil til Bømoen utanfor Voss. Folk frå Ølve og Mundheim var lat samla der då, men korleis dei var komne dit veit eg ikkje.
Då vi alle var samla der på Bømoen vart eg spurd om eg kunne tjenestegjera som sersjant. Det torde eg ikkje taka på meg. Då var det bikkje noko val: ville eg ikkje bli sersjant so måtte eg ialle fall bli korporal.
So korporal blei eg. Eg fekk ein raud dusk som eg hengte på akslo, og so fekk eg i tillegg ei nettingsaks som eg skulle bruka til å klyppa hol i det det svære nettinggjerdet rundt leiren dersom det kom flyåttak. Med den vesle saksa og det store gjerdet so so var ikkje det nokon snar jobb.
Vi skulle sova der på moen den natta. Vi var ikkje so mange på kvart rom. Eg låg saman med 2-3 andre. Sjølv om vi var få so var det likevel ikkje mykje ro og få. Eg sov bra, so andre har fortalt meg om det. Det var også ein fenrik som kom inn om natta; eg trur han var frå Forsyninga. Han kom inn på rommet og sa det var meiningslaust alt dette. Vi måtte sjå og koma oss ut. Dette gjentok seg fleire [illegible] og [illegible] svara har litt kvassare [illegible] gong. Då han kom tilbake tredje gongen boks eg fram på golvet og sa at dersom han hadde livet kjært so måtte han koma seg ut so fort som mulig og ikkje syna seg der meir, for no ville vi ha nattero. Og etter dette blei det ro resten av natta.

Morgonen etter vart vi gåandes i leiren og venta på nærare ordre. Av og til såg vi kapteinen der han gjekk seg ein liten tur utfor

huset. Han var svært bleik. Han var usikker på om han greide å få den rette forbindelse i telefonen slik at vi få vita kva vi skulle foreta oss. Det var også ein major der, men han såg vi heller lite til. Eg hugsar at han hadde tre hestar i leiren, og om morgonen kom han ut med snølkvite hanskar på seg. Han strauk over hestane og gud hjelpe hestepassarane dersom det viste noko på hanskane etterpå.
Utpå føremiddagen fekk vi ordre om å møta ved det store depotet. Der fekk eg den raude dusken eg skulle festa på skuldera, og det det var også då eg fekk nettingsaksa som skulle brukast til å klyppa sund eit 2 meter høgt nettinggjerde av tjukk dimensjon. Det hadde ikkje gått so lang tid før flyalarmen gjekk. Eg satte i gang med å klyppa. Eg såg ikkje tilsides so eg klypte ivei til eg hadde laga ein opning som var so stor at eg so vidt kunne krypa gjennom. Då eg omsider såg meg rundt var eg heilt åleine: " som ein einslig soldat ved Volgas strand" (fra Der Zarewitch). Dei andre hadde sjølvsagt kome seg ut på annan vis; mykje snarare. Eg kom meg likevel ut til slutt og la meg i dekning bak ein liten haug. Seinare viste dette seg å vera eit våpendepot! Under denne flyalarmen var det ein kar frå Husnes som forsvant heilt og kom ikkje tilrett før 2-3 dagar seinare.
Uniformer fekk vi utlevert på ei slette bak barakkene. Eg hugsar ogso at vi fekk mat der, og den fekk vi "servert" i slike bråt som hundane får mat i.
Uniformene passte ikkje alltid like godt so vi måtte byta med kvarandre. Det vart naturlegvis mange løgne hendingar. Nokre stod utan bukser, andre stod med to føter i ein fot. Då gjekk sjølvsagt flyalarmen. Nokre hadde so mykje klær på at dei kunne springa avgårde; andre kunne bare hinka, og då kom die ikkje langt. Det var ikkje fritt for at vi smilte litt då vi såg dei kvite bakendane til kokkene der dei sprang over elva og stokkane under armane.
Ja, ja; om kvelden var vi so nokonlunde kledde. Vi marsjerte då gjennom Vossevangen. Folk stod i vindauger og dører og vinka til oss og ropte slagord. Vi gjekk til ein stad som heite Durvedalen som ligg mellom Bulken og Voss. Det var mykje snø der då og eg var glad eg ikke hadde sagt ja til å vvera sersjant. Sersjanten mmåte nemleg gå fyrst. Der skulle vi liggja i trening ei tid. Då vi hadde vore der i ein og ein halv dag vart vi lasta på eit tog og so bar det austover.

Vi køyrde vidare. I Austre Slidre fekk vi høyra radio. Det var ganske deprimerande fordi biskop Bergrav hadde gått med på å seia til soldatane at dei måtte overgje seg utan kamp for å spara liv.

Den fyrste dagen køyrde vi egentlig for langt. Vi kom heilt fram til Hønefoss og der hadde tyskerane allerede vore. Vi måtte derfor trekkja litt attende og vi for forbi Bagn og slo leir i eit par tun i Austre Slidre nokre dagar. Vi var nokså nervøse. General Ruge var der eit par dagar. Han utkommanderte oss fleire gonger kvar natt. Vi trudde han skulle sprengja oss. Tilslutt slo vi skiringa av geværa, klare til å ta han. an vart seinare avsatt.
Etter eit par dagar vart vi sende til austsida v Bagn for å halda vakt der. Eg, saman med 8 andre skulle halda vakt på ein fløy.

Dette var ein håplaus plass. Vi grov oss ned i snøen. Det var kaldt om natta, -15 grader, so vi fraus. Vi måtte derfor dela på vakta: Nokre hadde vakt mens andre gjekk inn i huset der vi var stasjonerte. Eg som var korporal var sistemann i hus. Mens vi var på vakt høyrde vi godt buskapen på nabogården. Det var forferdeleg å høyra på. Dei brølt på grunn av tørste.
På vakta låg vi bak ein liten haug med steingard mellom. Dei tyske soldatane var ikkje langt unna. Dersom vi tok hua våres og plasserte den på bajonetten og heldt den opp over steingarden, so vart det hol i den med ein gong. Angåendes bajonett, so hadde vi ein kraftig soldat frå Ølve saman med oss. Han trur eg nesten kunne avgjort krigen utan kuler. I alle fall så nytta han alle høve, der dt var slipestein, til å slipa bajonetten sin svært grundig.
På andre sida av dalen rasa krigen, og vi såg korleis dei tyske soldatane satte fyr på fleire hus der i Bagn.Vi kunne ikkje hjelpa stort dei norske soldatane som sloss der, bortsett frå å halda ryggen deira fri.
Det var kaptein Meier og hans folk som kjempa der og dei miste mange folk. Likevel så tok dei over 200 tyske soldatar til fange. Disse måtte vi taka oss av og dei vart til stor plaga for oss. Då vi måtte trekkja oss tilbake måtte dei gå fyrst og det hende dei klaga på maten. Vi var i dette området i nesten to døgn.
Vi fekk so beskjed om at vi skulle styrkja IB10 Sogn og Fjordane regiment. Vi gjekk difor om natta til Dokka der vi skulle grava oss ned i skyttergraver. Dette var ikkje lett for ikkje å sei heilt umulig. Frå Dokka vart vi flytta opp til Odnes. Dette ligg på same sida av elva som renn der. Om kvelden såg vi at dette ville gå gale. Tyskarane låg bare 100 meter lenger framme enn oss. Vi såg dei lyste omkring og røykte. Dette er ting som ikkje går an dersom ein vil vera med i krig for alvor.
Det sikkert ikkje mange som kan forestilla seg hardt det var desse dagane ved Odnes. Værst var det kanskje om nettene fordi kvar natt så byrja tyskarane å skyta, og eg skal seia at dei ikkje sparde på ammunisjonen. Kuler og granater piska i grantoppane. Av og til såg det ut som det flottaste fyrverkeri. Sjølv skaut vi ikkje så mykje attende, og vi hadde ordre om aldri å skyta på lengre hold enn 400 meter
Utover dagen var vi ofte plaga av småfly som skaut på oss. Det er kanskje ikkje så vanskeleg å forstå at vi var livredde både natt og dag.

I fyrstninga prøvde vi å skyta tilbake på flya med gevær, men vi skjøna snart at vi skulle i det minst hatt mitraljøse skulle det hatt nokon effekt. Det vi hadde av større våpen var eit maskingevær i kvart lag. Vi vart etterkvart svært slitne og det var nok

etterkvart mange som bad til Gud avdi dei tvilte meir og meir på om dei kom lèvande heim att.

Vi måtte etterkvart trekkja oss sakte tilbake mot Leira. Under denne tilbaketrekkjinga bomba tyskarane bakeriet vårt. Etter dette hadde vi ikkje tilgang på brød lenger og det einaste vi då hadde var eit stykkje kvitost og ein del godt smør. Vi skar då eit stykkje ost og smurde mykje godt smør på. Det skulle ikkje so mykje til før vi vart mette av slik kost.
Vi måtte som sagt koma oss vekk frå Odnes. Vi kom omsider til eit hotell som heitte Frydenlund. Der var kjellaren full av vinflasker, og det var nok mange som vanlegvis hadde nytta høvet til å ta seg ein knert, inklusiv meg sjølv. Men no var det ingen som smakte ein dråpe: det ville væra for fælt å forlata denne verda med ein knert under vesten. Etterkvart vart det so fælt med bombing av småfly mot hotellet at det ikkje var værandes der vi kraup omkring rundt skorstein og peis i håp om å berga livet.
Til slutt måtte vi rymja hotellet og vi sprang ut. Ute i hotelltunet var der 5-6 bombekrater. Under dennerymjinga var det ein flott idrettsmann som fekk ein kanongranat i ryggen og vart drepen momentant. Han sprang rett ved sida av meg. Det var fælt å sjå på.
Vi trekte oss tilbake til ein stad som heite Breidablikk. Der traff eg yngste bror min; Kåre. Det viste seg no at vi hadde rymt frå hestane våre. Vi brukte dei til å kjøra feltkjøkkenet med, so det var folka der som skulle ha fått dei med under rymjinga. Kapteinen spurde då om det var nokon som ville melda seg frivillig for å gå og henta dei. Eg tenkte med meg at skulle nokon

missa livet so var det rett at eg misste det som nokon annan. Eg sa difor ja. Då var det at bror min Kåre steig fram og sa at dette ikkje gjekk an. Eg hadde kone og to born å tenkja på; det ahdde ikkje han. Det enda tilslutt med at det var tre stykkjer som gjekk avgårde; deriblant eg. Vi nådde likevel ikkje fram. Fyrst seinare var det nokre andre som greidde å henta dei.

På kvelden trekte vi oss attende til eit pensjonat i Etnadalen. Det må vera ein av dei vakraste dalane i Norge.

Der låg vi min velse tropp og eg. Vi låg på sida av eit par bjørketrær. Då kjende eg bjørkebork på sida av hovudet og då eg kjende etter fekk eg blod på fingrane. Det var nok ei kula som hadde passert.
Då fekk vi plutselig sjå fire motorsyklar med sidevogn. Ja, fyrst kom der ei utkledd gammal kjerring. Vi venta til motorsyklane var 300-400 meter unna (det skulle i grunnen gode nerver til å venta så lenge). Då fyrde vi laus og motorsyklane for utfor vegen og i eit gjerde . Vi såg snøen vart raud. Det var ein vi ikkje var sikker på om han levde eller ikkje. Han levde nok, fordi han greide å koma seg unna på eit eller anna vis.
Vi måtte no trekkja oss tilbake innover vidda. Der gjekk eg opp på ein stein og song "No ser eg atter slike fjell og dalar".

Vi skulle halda ei linje tvers over dalen, men det gjekk ikkje, og so måtte vi trekkja oss attende mot Fagernes saman med mitraljøsen og dei få kanonene vi hadde. Ein del av oss, 28 mann, måtte liggja igjen for å dekkja mitraljøsen. Dei hadde nok

mistanke om at vi var der for dei tok til å skyta mot plassen der vi låg. Dettė var nokså nifst. Det verste var kanskje plystringa til granatane: Vi visste den den kom når vi høyrde lyden, og det einaste vi kunne gjera var å leggja oss flatt og venta i uvisse: kor kom granaten denne gongen.

Tilslutt gav dei seg med kanonelden. Dette var i grålysninga. Vi såg då på andre sida av dalen 2-3000 mann som strøymde oppover. Vi kunne ingenting gjera; det ville ha vore sjølvmord å skyta på dei. Vi kunne nok ha drepe mange mann, men då ville det også ha vore ute med os sjølve.

Vi skulle jo halda vakt for nokon som trakk seg attende. Det viste seg no at dei gløymde oss. Då dei kom på at vi låg og haldt vakt måtte dei senda folk ut på leiting etter oss. Bror min fortalde at han var med på dette og han hadde leita etter meg rundt kyrkja.

Dette kjem ikkje heilt i rekkjefylgje.

Før det eg har nevnt no låg vi ei natt på vakt der (ved kyrkja?). Då låg vi so nær dei tyske linjene som mulig, og dei kunne lett nå oss både med mitraljøser og kanoner. Denne nattta sov vi med ryggsekken på ryggen og med usikra gevær i armane. Det var sjølvsagt livsfarleg, men sov gjorde vi.

Ein liten detalj må eg nevna: Vi hadde fått utlevert 2 par sokkar, men vi mist eit par rett som det var, men som oftast fann vi eit nytt par igjen. Sokkane var uvurderlige, for i tillegg til sokkar so brukte dei også som vottar.

Vi hadde no vore i full krig i over 14 dagar. Det var ei svært vanskeleg tid. Vi var alltid redde: trudde kvar dag var den

siste. Det var ikkje slik vi hadde tenkt oss at krigen skulle bli. Det var ikkje bare å liggja på lur og skyta ned tyske soldatar. Kvar dag var eit blodslit, og vi var heilt utsletne om kveldane. Og kl. 2 om natta byrja tyskarane til å skyta på oss. PÅ Bagn raste det eit stort slag, og kaptein Meier miste omlag 200 mann. LIkevel så stogga dei tyskarane, men so satte dei fyr på mange hus der for å rykkja fram i ly av røyken
Denne natta vart vi flytta til Dokka.
Vi hadde som sagt no vore i Valdres i meir enn 14 dagar. Vi tok no ein vei på skrå opp lia i dalen. Det var ikkje meir krig no hadde vi høyrd. Halvveges oppe i lia kom vi rett forbi eit tun. Der hadde dei nettopp kokt ei gryte med småpoteter til hønsa (trudde vi). Vi var 28 mann og dugaleg svoltne, so potetene smakte godt.
No kom vi til Sanderstølen høgfjellshotell som var eit svært flott hotell. Der la vi oss og ville sova litt, Men det var ikkje lenge vi fekk fred. Då vi vakna og skulle sjå ut, såg vi at det var plassert fire tyske mitraljøser utenfor hotellet; ein mitraljøse for kvart hjørne av hotellet. Vi bestemte oss for å prøva å rymja, og det eianste vi såg som mulig var å koma oss over eit gammaldags kyrkjegjerde 20-30 meter bak hotellet. Vi sprang ut bakdøra og det var i alt 18 av oss som greide å koma seg over gjerdet; eg var den siste. Ein kadett som kom bak meg vart skoten i låret og datt tilbake. Omlag 100 meter frå hotellet var der litt granskog, og den prøvde vi å nå. Mens vi sprang høyrde vi kor kulene piska i grantoppane. Heldigvis så skaut dei alltid for høgt. Det var omlag 1 meter snø med skare som nesten bar oss. Det var derfor forferdeleg tungt å springa. Vi måtte

dela det inn slik at kvar person sprang fyrst i 5 min. Bakerst kom mannen som bar maskingeværet. Det var ein som ville springa i 10 min. (det var mannen fraå Ølve). Dei sa etterpå at han øydela nokre av hjerteklaffene sine. Då vi var komne omlag 1000 meter unna kunne vi slappa av ein del. Tyskarane turde ikkje fylgja etter oss fordi vi hadde eit maskingevær bakerst.

Eit stykke inne på vidda kom vi til ei hytte og der braut vi oss inn for å sjå om vi fann noko å eta. Det einaste vi fann var 1 kilo bygg-gryn. Vi åt desse gryna og svelde dei ned med vatn. Vi gjekk snart vidare. Etter ei stund traff vi på nok ei hytte. Også der braut vi oss inn for å sjå etter mat. Der fann vi 1 kilo havregryn. Desse kokte vi og delte på 16 mann. Dette vr siste gongen vi gjekk om dagen. Seinare sov vi om dagen og gjekk om natta for då var skaren sterk nok til å bera oss. Etter ei tid kom vi til ein gard som heitte Lykkja. Han som budde der var veldig snill. Han slakta ein flott kalv berre for oss og vi fekk soleis eta oss skikkeleg mette. Her skilde vi lag med nokre frå Sogn. Etter dette var vi 8-9 mann att. Der på Lykkja la vi skyteváp na under ei utløe og so fekk vi sivile klær hos dei som budde der. Under vandringa vidare miste eg solbrillene mine. Eg vart snart snøblind. Det var frykteleg vondt, og eg såg mest ingenting. Eg hadde eit lommetørkle framfør augo, men det hjelpte ikkje mykje.

Etter ei tid kom vi so langt at vi kunne sjå ned i Hemsedal. Der marsjerte det ein stor styrke tyske soldatar oppover dalen. Vi venta til det vart mørkare før vi sette over der. Tyskarane var då passerte. Vi kom til ei grend som heitte Torsett. Vi gjekk vidare opp over Hallingskarvet og kom om sider opp i omlag 1400

meters høgd. Det var mykje slit før vi nådde toppen. Frå toppen bar det nedover mot Myrdal stasjon på Bergensbanen. I den gamle ryggsekken min hadde eg eit par damesko som eg hadde funne då dei bomba Leira. Dersom eg nådde heim hadde eg tenkt at Solveig skulle få dei. PÅ Myrdal fekk kvar av oss 5 appelsinar. Endå so svolten eg var so bestemte eg meg for å spara dei til eg kom heim; ungane skulle få dei. Frå Myrdal gjekk vi vidare til Krekkja (NB:på ski?). Der fann vi også ein del havregryn som vi åt. I grålysninga om morgonen etter tok vi i veg over Hardanger-vidda mot Eidfjord. Vi tenkte ei stund på å gå ned til Odda, men det var nesten uframkomeleg. Vi frykta litt å verta teken til fange dersom vi gjekk til Eidfjord. Det ville vore bittert etter alt strevet. Vi var so trøytte no at vi orka ikkje meir, so vi gjekk likevel til Eidfjord. Då vi kom til Øvre Eidfjord fekk vi høyra at Uskedalen var jevna med jorda. Det var sjølvsagt eit sjokk, og eg tenkte at dette var ikkje mykje å koma heim til. Noko som slo meg der var at det var so grønt overalt. Etter fleire veker med berre snø var dette uvant.

Der i Eidfjord passerte vi gjennom den fyrste tyske vaktposten so nokonlunde. Vi følte oss likevel litt små og redde då "herre-folket" saumfor oss. So bar det i veg til nedre Eidfjord og der var det nye kontrollar. Vi gjekk så langs landevegen ut til Brimnes kor det var ferjestø. Der fekk vi litt pengar (hos kven)som eg hugsar var gule og stempla av Bergen Kommune. Desse pengane skulle vi bruka til skyss heim. Vi kom oss då på ei skøyte der vi betalte med desse pengane. Det var rart å ha pengar; vi hadde ikkje sett det på alng tid. Vi tok skøyta til --------, og derifrå kom vi vidare med rutebil. Der gjekk resten av

pengane. Det var ein frå Mundheim saman med oss. Han lova å skaffa oss motorbåt over fjorden til Lundsneset. Dette greidde han også. Frå Lundsneset var det berr å rusla heimetter. Då vi kom der på Lundsbakkane var det ein som heitte Røyrvik som var handelsmann der. Vi såg då eit par gamle syklar ved huset hans. Vi gjekk ned der og spurde om vi kunne få låna dei heim, men då vart vi utskjelte som det verste pakk, og måtte berre koma oss derifrå. Straks etter kom Severine Haugland syklandes forbi. Ho hoppa av sykkelen med ein gong. Ho gret litt med det same, men lånte meg sykkelen utan å tenkja seg om. Etter dette var det ikkje lenge før eg var heime. Det var heldigvis ikkje noko i det at Uskedalen var jevna med jorda. Då eg kom heim til Rabben vart det eit gledeshus. Etter masse helsingar skulle eg få mat, og då fekk dei tak i ein liten aure som dei kokte til med. Etter den maten eg var vant med, so smakte dette himmelsk.
Det skjedde forskjellige ting akkurat i denne tida som var litt komis: Dameskorne som eg hadde teke med meg frå Leira var sjølvsagt for små. Eg hadde også spart på dei 5 appelsinane som eg fekk på Myrdal og som eg skulle spara til ungane. Då eg tok dei fram so viste det seg at der stod ein halv kasse med same sort appelsinar i kjellaren.

Dei fyrste 2-3 vekene var eg litt deprimert. Eg som hadde greidd så mange fysiske og psykiske påkjenninger borte i Valdres. No likte eg best å vera for meg sjølv. Nokre dagar var eg ute og fiska sei; andre dagar hogde eg ved. Det var ein dag då eg hogde ved at lærar Omvik bad meg koma bort til skulegjerdet. Han grov ned i lomma og kom fram med krigsdeltager-medaljen. Han vyrde

ikkje mykje på den, han skulle fått den sjølv i fleisen. Vi var ikkje so mykje vyrde vi nede på Rabben.

Sigurd Olsen (Bestefar på Skansen) kom ofte bortom og klarte til slutt å setja mot i meg. Han var mykje eldre enn meg og han var diakon, so eg høyrde på han. Han meinte at burde koma oss til England for å gjera ein innsats derifrå. Etter ein del diskusjon, vart eg med på det. Vi kom oss til Leirvik. Kven det var Olsen hadde kontakt med der, veit eg ikkje, men vi fekk der beskjed om å reisa heimat. Vi skulle reist med Ms Blio. Det var siste turen den gjekk. Ho vart senka utfor kysten. So vi reiste heimatt. Kanskje det var best det gjekk som det gjekk. "Så får du ha takk da Gud".

Eg ly fortelja litt om rasjoneringskorta vi fekk. Hadde du ein liten åkerlapp så fekk de trekk for det. Vi måtte ha kort på alt vi måtte kjøpa: Eitt brød "kosta" so og so mange merke. Brøda var forresten langt frå gode. Det einaste var dermom du hadd born under eitt år; då fekk du litt kveitemjøl. Det var utdeling av kort ein gong i månaden. Då måtte oppgava stemma med det du hadde gjeve opp før. Eg kjem i hug ein episode med Kristian Brinngedal. Han stod rett framføre meg i køen og då mangla det to sauer på skjemaet hans. Då stod han der og stotra og so fann han på at ein var daua, og då han gjekk heimanfrå so var den andre so skrøpelig

at han ikkje visste korleis det ville gå med den heller. Han vart i alle fall trekt for litt kjøtkort. Som sagt var der kort på alt, også på slike ting som skosålar og b-såpe. Vi fekk tak i hierse-mjøl og det kunne gå an til graut. Eg hadde ein liten åkerlapp med kveite som eg ikkje oppga. Eg måtte mala kornet på svart. Til betaling måtte eg ut med 1 kg smør. Eg stod meg godt slik og fekk godt ord på meg etter kvart. Andreas Dønhaug sa at dersom eg ikkje fortalte det til nokon så skulle eg "få" slaktinga hans. Dette sa eg ja til. Etterpå spurde han kva eg skulle ha i betaling. Eg sa 5 kroner, og det fekk eg. I tillegg peika han på eit stort slaktestykke og sa at eg også skulle ha det saman med eit spann blod og litt fett. Vi kunne såleis laga oss blodpølse.

Som nevnt malte eg korn på svart med smør som betaling. Smøret kjøpte eg hos Andreassen. Seint ein kveld kom han til meg og spurte om eg kunne få malt litt for han også. Han kom med ein dle smør og 3 digre sekker korn. Etter ei vekes tid fekk eg malt kornet hans. Han kom seint om kvelden for å henta dei. Han lesste på ein handkjerre og drog bort til elva for at ingen skulle sjå han. Der tok han til å dela alt i to deler og eg fekk eine delen. Då hadde vi det godt lenge.

No må eg visst fortelja om radion vår. Alle måtte levera inn radioapparata sine. Dei vart stabla inn på skule-lemen. Der vart døra forsegla. Eg og Sigurd Eik var mellom dei fyrste som braut seg inn og hent radioen hans. Eg trudde ikkje mine eigne øyro då han forslo det. Vi gjekk ned i kyrkja for der låg det to stegar i ein opning under muren. Vi lånte ein av dei; ein tung stor ein. Vi hadde skikkeleg bør då vi bar han opp til skulen. Vi sette han

opp mot veggen der skuleloftet hadde vindauga. Eg braut meg inn og fann ganske snart apparatet hans. Vi fekk det ut og bar det so opp til Leite. No kunne vi høyra på nyhetene; nyheter om krigen. Vi var sjølvsagt forsiktige, men ikkje meir forsiktige enn at nokon merka oss. Andreas kom og sa at vi måtte vera varsomme med å kveikja ljoset på kammerset som vende opp mot han kvar kveld klokka 7 då nyhetene gjekk. Vi måtte forresten blenda alle vindauga. Hadde vi ikkje rullegardin, måtte vi kjøpa blendings-papir. Lensmannen, Endressen heite han og var nazist, var nøye med dette. Han kontrollerte blendinga. Hadde ein gløymt å blenda eit vindauga eller to kunne han brått stå i døra og forlanga at vi blenda med ein gong. Han var veldig sinna.

Vi laut veksla inn og byta pengar. Vi fekk 50-60 kr for 100 kr (?). Vi kunne ha 100 kr som dei var pr person. Eg kunne hatt 3000 kr, men hadde ikkje so mange hundra. Ein kveld kom Andreas Haugland til meg og spurde om eg kunne veksla inn litt for han. Han kom med ialt 4000 kr og spurde om eg kunne gjera noko med dei. Sjølv hadde eg ingen ting. Eg prøvde på alle måtar og prøvde både her og der. Til slutt greidde eg det. Som takk for hjelpa fekk eg 400 kr av Andreassen. Eg sa nei, men han sa eg skulle ha det. Hadde ikkje eg greidd det hadde dei ikkje vore verd meir enn avispapir for han. Det var mange som gøymde på dei og ikkje fekk fem øre for dei.

Eg kan vel sikkert skriva om då vi gøymde grisane i kjellaren. Det var to store 80-90 kilos griser vi hadde på svart. Vi hadde fora dei opp på småpoteter, nedfallsfrukt og litt anna. Ein dag

kom det rykte om at det var kontroll underveis. Vi måtte då gøyma desse to grisene, og bestemte oss då for kjellaren. Det var eit forferdeleg strev, og at dei ikkje slo seg i hel ned den stygge trappa var eit under. Det gjekk fint alt saman og vi hadde dei til dei vog over 100 kilo. Då hadde vi detgodt lenge, på grunn av at når vi hadde dei på svart so fekk vi litt på kort også. Det var forresten svært mykje kvalkjøt vi fekk. Grisene vart no ein gong oppetne, og krigen varte. Då gjekk det ut over 13 gamle høns som vi hadde. Dei var nesten slutta og verpa, so det var ikkje noko stort tap.

Av og reiste vi til Bergen i ymse erend. ERin gong reiste Steinar og eg til by'n. Eg skulle kjøpa komfyr hos F.G. Amundsen på Bryggen. Vi reiste med "Lønningdal". Steinar fekk sova i "han sjølv" (?) sin lugar. Vi kom ril Bergen om morgonen. På den tida var det mange handkjerrer som stod til leige (med og utan mann) ved Rundemannen på Torget. Eg leigde ei (utan mann). Eg kjøpte komfyren, fekk han opp på vogna, kjørte til kaien og fekk han til slutt lasta ombord i "Lønningdal". Etterpå tok Steinar og eg ein tur på Skoltegrunnskaien. Der låg det ein sto Engelsk destroyer. Vi fekk gå ombord og sjå oss ombord. Der fekk Steinar ei kjempe loffskive og den var so uvanleg kvit og fin at vi hadde aldri sett maken. Dei smurde godt med smør på og so mykje sirup som det gjekk an. Steinar vart heilt imponert.

Og so lyt eg skriva om ein gong tidlegare eg reiste til Bergen

med H.S.D. Eg gjekk ombord inne på Vikjo om kvelden. Eg reiste på 2. klasse og sov på ein benk. Rett over stod dei gamaldagse vinsjane, og dei bråkte noko forferdeleg når dei heiste om mjølkespanna. Neste dag i middagstider hadde vi kome til Ølve. Det var fint vær, so eg kunne sjå heim. Vi låg der over 1 time og lasta ved som dei skulle ha til å fyra med. Det var lite kol å fyra med i dei tidene. Vi reiste om sider vidare og då vi kom til Valestraumen fekk vi minelos ombord. Innover forbi Kvarven gjekk vi i sikk-sakk for å unngå miner. Etter 2 døgn var vi i Bergen. Det var fullt av tyskarar i Bergen og mykje grønkledde politifolk (?). Vi tok Fløibanen opp på Fløien. I vogna var der ein del tyske soldatar. Det stod skreve med store bokstavar:"Lukk dørene". Tyskarane brydde seg ikkje om dette, og lukka opp etter kvart. Dei skulle vel visa seg. Eg sett då i å syngja "Volga, Volga, moder Volga". Dette var ein slags russisk nasjonalsong som dei russiske krigsfangane i Norge brukte. Tyskarane likte sjølvsagt ikkje at ein song denne songen, so songen min falt ikkje i god jord. Vik-Alfreden var forresten med meg den gongen. Då vi reiste ned frå Fløien var dei same tyskarane med. Då vi gjekk ut av stasjonen var dei ein tysk soldat som gav Vik-Alfreden ein god trykk i aksli. Han snudde seg då rundt på helen og drog til tyskaren på haka so han låg strak. Vi la av gårde eit stykke, men etter ei tid tilbaud vi politiet å vera med å leita etter "dei som slo". Vi fann dei sjølvsagt ikkje. Politiet bad [illegible] Vik-Alfreden igjen. Det var myrkt no, i ly av myrkret gjekk han bort å pissa på ei stor glasrute. Dette såg politiet og sa at dette var strengt forbudt. Vik-Alfreden sa då at han <u>måtte</u>. Ja,

men han kunne då gå ned til bryggjekanten å gjera det; sa politiet. Nei, då ville han heller gå i fengsel for ved bryggjekanten kunne han detta i sjøen og drukna, han kunne ikkje symja; svara Vik-Alfreden. No vart det litt heitt der, so vi måtte koma oss unna.

LITT OM UNGANE VÅRE

På Rabben hadde vi før i tida ei stove og eit stort soverom innafor den. Vi hadde kun ovn i stova, ikkje på soverommet. Jula 1936 venta Solveig fyrste ungen (Gunnvor). 2. juledag vart Solveig dårleg og ungen såg ut til å koma. Mor mi (Anna) var jordmor. Eg måtte sitja å halda mamma i handa heile tida. Det blei lange timar. Ungen var stor, men endeleg 3. juledag kom han. Men vi hadde ingen til å hjelpa til, til å stella ungen. Det var vinter og kaldt. Fyrst syntes eg dei var for seine til å ta seg av jenta etter ho var komen til verda. So måtte eg stå framfor ovnen med eit lite bord å stella henne (stakkar deg). Eg var livredd. Hovudet syntes å vera heilt laust og slong alle veier. Å få på trekant-bleiene var litt av ein jobb, og eg var sjeleglad kvar gong eg var ferdig. Slik helt eg på ei veke (stakkar), då overtok mamma.

Eg var ikkje med då Steinar vart fødd (1939 ?), eg måtte passa pääjobbenmin. Eg jobba på Sildoljefabrikken og vi var ein gjeng som lossa sildeavfall (det var mange som ville ha den jobben). Steinar kom også før vi hadde venta det. Heldigvis var Johanna heime då. Ho kom med mat til meg.

Då Reidar var fødd (1945) var eg med. Eg stelte han også (?!), men ikkje so lenge som eg gjorde med Gunnvor. Alle ungane var

forresten ganske store (over 18 merker) og mamma var alltid svært utslitt etterpå; sov tungt og lenge etterpå. Ungane var også svært like når dei var små.

Då Reidar var so stor at han kunne krabba, kom han kvar natt krypande opp til mamma. Men ho lyfte bare litt på mi dyna og lot han krypa over til meg. Eg vakna nesten kvar morgon våt på ryggen.